

Dei store dagane.

Til store dagar høyrer store minne.

Og åri aukar denne minnekrans.

Dei myrke, vimsar kring i hugen inne,
som svarte skuggar i ein dauding-dans.

Dei ljose, sviv som englar over oss,
med heilag atterglans frå Kristi Kross.

Vårt liv hev dagar me ei sjølv kan minnast,
då store hende i vårt liv bar til.

Og millom desse vil vår dåpsdag finnast,
- me kan no tenkja om han kva me vil - -.

Frå satans makt og myrker kom me ut,
til Livsens Sol og Barnerett hjå Gud.

Men der er ^{de} dagar som i minnet glimtar,
lik stjernerap ein stille vinterkveld.

Dei ljose blenk frå farne år me skimtar,
lik jonsokbrising på dei høge fjell.

Ved slikt eit attersyn, so skirt og bjart,
vert livet ljosa' om det tykkjest svart.

Det gjeld at livet skapar gode minne.

Dei lagar høgtid når dei finn oss att.

Dei vonde, greider ikkje nokonsinne
å tendra ljøs i hug ei sorgtung natt.

Dei berre kjem og legg i byrdi stein,
som roti frukt av våre mange mein.

Joha.M.L.Rydland.